

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for opplæring</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset, Leikanger</b>
<b>Møtedato</b>	<b>07.12.2015</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 11:00</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Karianne Torvanger (Ap)**  
**Henrik Oppen (Ap)**  
**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)**  
**Anders Ryssdal (Sp)**  
**Ole Johnny Stubhaug (Sp)**  
**Alfred Bjørlo (V)**  
**Sonja Merethe Øvre-Flo (H)**  
**Trude Brosvik (KrF)**

**Forfall til møtet:**

**Senea Sabanovic (Ap)**

**Varamedlemer til stades:**

**Ingen vara tilstades**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesdirektør Bekka Skaasheim**  
**Fylkeshovudtillitsvald Alf Reidar Myrstad**

**Sekretariat for møtet:**

**Førstekonsulent Merete H. Nornes**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 24.11.15 vart godkjend utan merknader.

## **SAK 33/15      Skriv og meldingar HO 2015**

### **VEDTAK:**

#### Skriv til orientering:

1. Innspel til sak i hovudutvalet for opplæring 27/15, Opplæringskontoret for anleggs- og bergfagene datert 30.11.15.
2. Nedlegging av VG2 – Transport og Logistikklinje i Førde, innspel frå Firda Billag datert 27.11.15.
3. Vedk. nedlegging av VG2 – Transport og logistikk i Førde, innspel frå Norges Lastebileigar Forbund, avd. Sogn og Fjordane datert 27.11.15.

### **Merknad:**

**Sonja Øvre-Flo (H)** ønskjer å gjere Hovudutval for Opplæring oppmerksom på at Sogn og Fjordane fylkeskommune har mottatt 3 mill. ekstra i tapskompensasjon som eg forstår gjennom Kommunalkomiteen skal gå til opplæring. Det burde vore muleg for at Vg2 Transport & Logistikk i Førde samt Vg2 Industriteknologi i Måløy å vere søkbare for skuleåret 2016-17.

-----

## **SAK 34/15      Val av fagopplæringsnemnd for perioden 2016 - 2020**

### **VEDTAK:**

#### **Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fagopplæringsnemnda skal vere fagorgan for hovudutvala i saker som vedkjem fag- og yrkesopplæringa i samsvar med fylkestingsvedtak 30/07.
2. Fagopplæringsnemnda skal framleis vere samansett som nemnd i fylkestingsvedtak 30/07:
  - a) Fagopplæringsnemnda vert sett saman av representantar for arbeidstakarorganisasjonane, arbeidsgjevarorganisasjonane og det offentlege utdannings-systemet. Arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantane skal til saman ha fleirtal i nemnda. Fagopplæringsnemnda konstituerer seg sjølv.
  - b) Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane skal ha 11 faste medlemer, i tillegg til 1 observatør.
  - c) Representasjon for faste medlemer, der organisasjonane foreslår sine medlemer og varamedlemer:
    - 1 representant frå NHO
    - 1 representant frå KS
    - 1 representant frå Virke

1 representant frå YS  
2 representantar frå LO  
1 representant frå lærarorganisasjonane  
2 politikarar  
1 lærling-/lærekandidatrepresentant  
1 elevrepresentant

- d) Representasjon for observatør med møte- og talerett:  
1 representant frå OKSU (Opplæringskontora sitt samarbeidsutval)
- e) Fagopplæringsnemnda skal velje eit arbeidsutval på tre medlemmer.
- f) Dei politiske representantane skal veljast frå hovudutval for opplæring og hovudutval for næring og kultur.

3. Val av medlemmer til fagopplæringsnemnda for 2016-2019:

Medlemer frå arbeidsgivarorganisasjonane:

*NHO, Næringslivets Hovedorganisasjon:*

Medlem nr. 1: Jan Atle Stang

Varamedlem: Marit Gjerstad

*KS, Kommunenes Sentralforbund:*

Medlem nr. 2: Gunnlaug Olsvoll Røed

Varamedlem: Rita Lilletvedt

*VIRKE (tidlegare Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon):*

Medlem nr. 3: Hans-Jacob Sunde

Varamedlem: Ole Stubhaug

Medlemer frå arbeidstakarorganisasjonane:

*YS (Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund) v/ Delta:*

Medlem nr. 4: Hildegunn Tretteteig

Varamedlem: Ståle Randal

*LO, Landsorganisasjonen i Norge:*

Medlem nr. 5: Nils P. Støyva

Varamedlem: Øyvind Åsarmoen Møller

Medlem nr. 6: Eli Grov Østerbø

Varamedlem: Anne Kristin Førde

Lærarorganisasjonane:

Medlem nr. 7: Alf Reidar Myrstad

Varamedlem: Hilde Kvamsås Aa

Medlem frå hovudutvalet for opplæring:

Medlem nr. 8:

Varamedlem:

Medlem frå hovudutvalet for næring og kultur:

Medlem nr. 9:

Varamedlem:

Medlemer for valperioden 2015 – 2017:

Lærling/lærekandidat:

Medlem nr. 10: Pia Vee Høl

Varamedlem: Niklas Våtevik

Elev:  
Medlem nr. 11: Joakim Gram Haugum  
Varamedlem: Jan Helge Husum

Observatør med møte- og talerett:  
Frå OKSU, Opplæringskontora sitt samarbeidsutval:  
Observatør: Jan Erik Øygard  
Varaobservatør: Jorunn Kirketeig

---

## **SAK 35/15      Endring i lokal inntaks- og formidlingsforskrift**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift vert vedteken slik den går fram av vedlegg 1.
2. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift gjeld frå 09.12.2015, og skal nyttast frå og med inntaket og formidlinga for skuleåret 2016-17
3. Fylkesrådmannen har mynde til å gje utfyllande retningsliner til lokal inntaks- og formidlingsforskrift
4. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift har forskriftsstatus og skal kunngjerast i Norsk Lovtidend snarast etter vedtaket i fylkestinget.

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

Som saksordførar i fylkestinget vert vald: .....

**Endringsframlegg:**

Hovudutvalet for opplæring kom følgjande endringsframlegg:

Som saksordførar i fylkestinget vert vald: Karianne Torvanger

**Avrøysting:**

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift vert vedteken slik den går fram av vedlegg 1.
2. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift gjeld frå 09.12.2015, og skal nyttast frå og med inntaket og formidlinga for skuleåret 2016-17
3. Fylkesrådmannen har mynde til å gje utfyllande retningsliner til lokal inntaks- og formidlingsforskrift
4. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift har forskriftsstatus og skal kunngjerast i Norsk Lovtidend snarast etter vedtaket i fylkestinget.

**Hovudutval for opplæring gjorde slikt vedtak:**

Som saksordfører i fylkestinget vert vald: Karianne Torvanger

-----

**SAK 36/15      Endring møteplan 2016 - Hovudutvalet for opplæring**

**Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

Februarmøtet i hovudutvalet for opplæring vert flytta frå 17. februar 2016 til 10. februar 2016.

**Endringsframlegg:**

Hovudutvalet for opplæring kom med framlegg om å endre møtedatoen for februarmøte til 23. februar

**Avrøysting:**

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Februarmøtet i hovudutvalet for opplæring vert flytta frå 17. februar 2016 til 23. februar 2016.

-----